Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 — Fylke: Möre

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Volda

Emne: Gamal eng kultur — Bygdelag: Austefjord

Oppskr. av: M.K. Gjersdal — Gard: Gjersdal

(adresse): Austefjord Volda — G.nr 62 — Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Bue Aale.

SVAR

1/ Her i bygda har en tel vanleg serskild nemning for slåtten på „Bömarka" og Utslåttane utan gjers burte frå „Böen. Ein segjer soleis: „Me har sleie av böen" eller (Bömarka) naar „slåtten innan bögaren er undangjord.
So skilna ein frå gamalt millom den gjödsla og den ugjödsla grasvekstan soleis: Den gjödsla vart kalla todegraset eller tjukkenga. Den ugjödsla stutthöy. Stutthöyet var simplaste sort. og nytta åt smalen. I löda vart höyet tel vanlegt lagt i 3 ymse stål etter kvalitet. „Stutthöyet", „skjirenga" og so tjukkenga". Skirenga var den „stuttaste vekstan" og finaste höyet av den gjödsla enga. Den vart nytta tel hestar fôr. So vart alt det grovaste og feitaste av „todegraset" lagd i sjölve storstålet tel kua. Attelege höyet vart rekna tjukkenga isaman med mokedongsåðra frå fjöset.
Ordet ekre vart helst nytta på open åker, men vart ogso nytta på nye attelegg. Sjelden på eldre attelege..
Skilje millom langorslått og stuttorslått vår heller små ettanom det å gjera höyet

2985

rotlaust med Gåen – sjølsagt.

2/ Ruddning. Rydjinga høyrde til vårvinna og skulde gjerast undan i Mai månad. Det skulde da rydjast saman i rydingedonga alt ruskrask på marka, bå kvist, stein, lauv og laus mose. Ryddjinge dongane vart ofte brende etter kvart når tørrenget tillet a setja eld på. Det vil seyja i stutthøjmarki. På gjøddlemark var em varsam med a kasta burt ted. Det la em ofte att på vatt lende og myra. so det rotna og gjekk i oppløjsing.

Rydjinga var til vanleg kvinnfolkarbeid og so vart borna med i detta arbeidet.

3/ Mose eng. Var det mykje gale med mose på enskelde stader, vart det sett poteter under torvet eit år. So sådde em gjerne heimavla grasfrø og gjødla godt og sådde i korn em slo som grønfor det andre året. Stundom vart det kjøpt litt timoteifrø å sått i saman med frø på låven. I mildare tilfelle av mose, vart det gjødsla godt og strødt över med jord over mosen gjødeln og sanad av grasfrø. Jorda tørde då mosen burt–serleg var den aur eller leirgrus blanda.

4/ Vassjuk eng og vatning:

Vatning er lite, ja svært lite nytt i vår bygd. Dermot vart vassjuk myr og gard grofta med opne veiter for av avlede flomvatn. Desse vart kalla „Skolveito." Fyrst när Skolveitene vart "oppkasta", kom gjødslingen. Tildels vart ogso bruka „sette veito" d.v. seie „dekte grøfto".

Om gjødslingen er a seyja: Den ogso samla

2985

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

vart spreid anten om hausten eller om våren.
Den som dyra let etter seg på beite fekk sjølvt seg sjølv, med undantak av restane som vart betre skrapa saman under vasarbeid og gjødsling.

5/ Ein gjødsla innmarksenga med vetter-gjødsel so langt den rekk. Ikkje utslått.
So lenge fedrene mine minnast hev marka vorte gjødsla, meir og mindre med dyregjødsel. I fars og bestefars tid med omlag 1/3 del av husdyrgjødselen. Saue tadet kalla: „Smaletadet" vart meste parten pisket smått med grev i sauegaren og utkjørdt og breidt med spade og til dels i dryftetrog. Det fine støvet fall då godt i gjorda med ein gong. og det var sers lett å få til å rekke vida.
Det var gamnast so med gjødslinga pr mål en fekk ikkje gjødsla etter ~~råda. Men~~ hjartelaget men etter råda, før kunstgjødsla kom.
10 lass pr mål god gjødsling.

6/ Kjenner berre til nemninga Haustlad.

7/ Her kjenner eg til nemninga „Losig" som tildels vart spreidt over marki i skolvete.
Kring åkrane låg åkrereinene som alltid vart rekna til langhøyet.

8/ Gjødslinga av enga gjekk helst for seg om våren. For 50–60 år sidan gjekk ut-kjøyrsla fyre seg på „Dragslede". Hjulsleden kom fyrst til allment bruk etter den tid.
På vetter føret med snø, vert enno dragsleden nytta enno. Dragsleden ser so ut ovantil.

Tverbandet fremme (skiene bak)



sledetreda held sleden saman frå Overrumane til meiane med
(S) Hymningane til tversambandet.
-Meiane
Hymningane framme og bak

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Denne draysleden med „meidar" på vart kalla „mokslede" og likna ein omlag „vidasleda" slik dei vart laga her. Men den var litt mindre av storleik. enn vidasleden. So hadde den dessutan utbygd med heil botn a leggja møka på. På båe sider av langrimane gjimellom desse var lagd fjeler til botn utover tverhyn=ingane som den liknar på eit stort trog. derattat vart pasett endegavlar bå' framme og attanet som var sett fast med oma vidjar av bjørk.

Til spreidinga vart nytta greip fyrst av tré sedan av stål og bjørn for kamøka. Det vart sjeldsynt nytta greip a lessa med. Til drag i Moksleden vart laga eit greade med ein tverstokk mot sleden. Denne tverstokken vart kalla tverhommel. Og tverhommelen vart festa ein trekrok i som ein hekta på veiendet i sleden soleis:




Denne kroken i tver=hommelen var sers hendig a kasta av når lasset skulde veltast.

Når tadet hadde legge på marka nokre dagar helst fengje regn på seg. So vart det sloga'. Det vil segja ein batt isaman ris'kvister av bjørkeris på omlag 1.5 meters lengd til ein tverkjepp framme som ein hekta kroken frå moksleden i og kjøyrde med hest. Rissloga matte vera tett ris og so la ein gjerne ein trekubbe på midten for a tynga



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

riset best mogeleg at marki for a „smüdra tadet"

9) Nei engi vart ikkje beitt med tanke på a gjödsle. Det var nokk for matin so skild beitinga var. Og so kom den velsigna gjodselen attpå – sjölvmint. Det var nok tenkt altfor lite på enga mang en gong. Men det synte seg og synes seg enno at sauen beite burt mosen saman med graset. Det er sjølsagt på eldre og gamal eng. Då kunstenga kom i bruk tok beitinga slutt. Dei nye attleggi tolde ikkje „gnaget" som det heiter her.

10) Umskiftet her tok til kring 1910 og haust-beitinga bio etter kvart tekje av meir og meir slik den er no lik 0 med a „sleppa krötera på böen" som det heitte. Men kua vart ofte beitt på böen enno i band i kvía.

11) Mökklubba fra Setesdal er ukjend hjå oss. Her var nytta mökrive, litt forbygde.

12) Overnattinga av dyra var i garfjosar nar beitefeltet lag langt undan heimefjoset. Gjödsla fra desse vart breidd om våren.

13) I mangel av fjos vart krötera „kvía" i ei kvie – ei innehegna trå ein eller annan staden etter tilhöve. Kviene vart sjeldan flytte her.

14 Kjenner lite til „desse Grindane.".

15. Her var det gardshundane som gjætte buskapen mot udyr fåren, og gav varsel.

16. Grindhus er ukjendt her. Derimot lag det folk ofte på garfjösloftellane a vakta haustatveldane.

17) Hjurungen vart her kalla „Getlen" Han fylgde krytaren heile dagen og hadde sjølsagt

2985
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med seg „Gjetlemat": gjeteprinsa [illegible]. Gjetlematen var so ymse av turrmat, potetkake, flatbrød med smør og ost og spekekjøt, flesk og potet osv.

18) Sumarfjøs på hjel inne gard er ukjendt.

19) Tróda er kjendt her. Tyder innhegna stad eller ei geil, krøteri hev dagleg gang i.

20) "Sætrekvie" på Stølen var vanleg her for ein mansalder sidan. Den vart kalla „Sætrokvia". Den vart gjødsla helst på forsommaren. Den heldt du smalen bectre burte om han hadde vane å gå der. Sætreslåtten er det no slutt på so nær som ei sætr i Hjorthaugbyggda, heiter Aldalen. Der er god veg.

21) Eng vart stundom gjødsla med oske, og kompost av fisk og sildeavfall. Kompostar av jordblanding var breid ut som annan gjødsel.

M. K. Gundal

2985

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING